

## ÅRSMELDING 2018



### Styret i 2018

|             |                         |           |                                  |
|-------------|-------------------------|-----------|----------------------------------|
| Leiar:      | Kolbjørn Bergseth       | Revisor:  | Magnus Hope                      |
| Kasserar:   | Marloes Vos             | Valnemnd: | Anders Bergset (leiar)           |
| Sekretær:   | Borgny England Slagstad |           | Jorunn H. Johansen (medlem)      |
| Varamedlem: | Hildur Smådal           |           | Åse Kjærland (medlem)            |
|             |                         |           | Esther Skei Klausen (varamedlem) |

### Medlemmer

Ved slutten av 2018 har vi 77 aktive medlemmer som har møtt jamleg kvar veke. 70 medlemmer har i 2017/2018 betalt kursavgift/medlemskontingent til Seniornett Førde. Nybegynnarar i haustsemesteret er ikkje blitt kravd for medlemsavgift enno. Totalt reknar vi med at 135 -150 personar har fått dataopplæring ved Seniornett Førde sidan vi starta opp i 2009.

Seniornett Norge reknar med at minst 400 000 seniorar på landsbasis er utanfor det digitale samfunnet på grunn av manglande datakunnskap, dvs. 8-9 % av folket. Overført til Førde betyr dette at om lag 1000 personar i kommunen treng opplæring for å kunne nytte seg av digitale tenester. Vårt bidrag på 12-13 personar i gjennomsnitt per år monnar såleis lite til at alle eldre i Førde skal bli datakyndige i si levetid.

I åra framover vil derfor naturleg fråfall på grunn av alder sannsynlegvis medverke meir til reduksjon i talet personar utan data-kunnskap enn vår innsats i Seniornett Førde.

Det har fleire gonger vore drøfta at vi er sårbare ved at vi har berre to instruktørar. Men heller ikkje i år har det lukkast å få rekruttert fleire.

### **Styrearbeid og aktivitetar**

Det er gjennomført 7 styremøte og behandla 22 saker.

Referat frå styremøta ligg på lokalsida til Førde seniornett. Der har vi så langt, i tillegg til litt info om sjølve foreininga, lagt ut alle dei detaljerte rettleiingane frå «Egils reviderte», våre vedtekter, årsmeldingar og styresamansetning. Vi har også lagt til ei lenke til vår Facebook-side sidan dette ikkje var lagt til rette for av Mediebruket.

Lokalsida til Seniornett Førde finn ein ved å logge inn på Seniornett Norge og gå inn på lokallaga.

### **Prosjektmidlar**

Seniornett Førde søkte Sparebankstiftinga om midlar til prosjekt Digihjelp. Søknaden vart stetta og vi fekk tildelt 9500 kr.

Seniornett Førde har søkt om prosjektmidlar frå Kommunaldepartementet til aktivitetstiltak for å motverke einsemd og passivitet hos eldre. Søknaden vart ikkje stetta.

Seniornett Førde har også vore i kontakt med kommunen fleire gonger for at dei skulle søke om prosjektmidlar til dataopplæring for eldre. Kommunaldepartementet hadde ein pott på 3 millionar ein kunne søke på. Kommunen hadde ikkje kapasitet til å søke (i desse tider med kommunesamanslåing).

2 gonger i året kan ein søke VO-midlar i Studieforbundet. Vi fekk stetta søknaden i vår. Søknaden for haustsemesteret er enno ikkje avgjort.

Frå Norsk Tipping har vi fått inn Grasrotmidlar. Her kan vi alle vere med å bidra ved å registrere Grasrotmidlar til Seniornett Førde.

### **Samarbeid regionalt og sentralt**

#### **Regionmøte**

Seniornett Norge tok i år initiativ til betre samarbeid mellom hovudkontoret og lokallaga. Regionmøtet for vårt fylke vart arrangert i Førde fredag 14. september. 7-8 lokallag møtte.

Frå Seniornett Norge kom dagleg leiar Tore Langemyr Larsen og Joop Cuppen. Hovudkontoret ville ha tilbakemelding om kva dei kan bidra med for at drifta av kvar foreining kan bli betre. I tillegg var det utveksling av erfaringar og dermed kunne dei som deltok på møtet plukke opp gode idear og inspirasjon.

#### **Styremøte i Seniornett Norge**

For første gong la Seniornett Norge eit styremøte utanom Oslo. Dei var i Førde, på Brunosten, 17.-18. -04. Seniornett Førde stod for henting, tilrettelegging av lokale og servering av lunch. Seniornett Førde spanderte lunch begge dagar.

Første dagen fekk dei orientering om klubben vår frå leiar Kolbjørn, instruktørane Egil og Monrad og fleire vanlege medlemmer/brukarar. Rådmann Østenstad i Førde orienterte om kommunen vår, og om arbeidet fram mot samanslåing av dei 4 kommunane til Sunnfjord kommune.

Biblioteksjef Jorunn Systad orienterte om biblioteket og kva hjelp dei kunne gi. Ho sa dei ikkje hadde kapasitet til å gi særleg individuell hjelp til dataopplæring.

Andre dagen hadde dei styremøte. Seniornett Førde fekk mange positive tilbakemeldingar på opplegget og gjennomføringa av styremøtet i Førde.

## **Leiarkonferanse i Oslo**

Annakvart år er det landsmøte i Oslo. I 2018 var det ikkje landsmøte. Seniornett Norge inviterte til leiarkonferanse på Hotel Opera i Oslo 29.10.18. Frå Førde møtte Borgny E. Slagstad og Monrad Kolstad (frå Hovudstyret). Begge hadde privat overnatting.

Lysarka/'referat' frå konferansen finn ein på Seniornett Norge – Om oss – [Lederseminar 2018](#).

## **Instruksjon og opplæring**

I tillegg til våre faste instruktørar, Monrad og Egil, har Helge og Marloes vore fast medhjelpar både på opplæring og på meir tekniske ting for medlemmene. Helge er vår «ekspert» når det gjeld å få PC'ane til å virke normalt, og spesielt oppsett av ulike e-postvariantar. Marloes har ved behov gitt støtteundervisning i mindre grupper til verdige trengande.

I vårsemesteret har ei gruppe på 6-8 personar møtt utanom kursdagar for 'sjølvtrening'.

### **Vårsemesteret**

I haustsemesteret 2017 såg vi at deltakarane i gruppene 2-4 hadde for ulikt nivå, m.a. fekk vi ein del merknader om at det vart for mykje repetering av enkle ting ved at instruktørane måtte ta mest omsyn til dei minst vidarekomne. Vi starta derfor vårsemesteret med omgruppering av deltakarane. For å få til ei gruppering med mest mogleg likt nivå for alle deltakarane laga vi eit program med tre ulike nivå: Grønt, blått og raudt, med høve for deltakarane til å velje nivå og gruppe slik kvar enkelt meinte passa best. Ut frå merknadene vi hadde fått, rekna vi med at mange ville velje raudt nivå, dvs. det mest avanserte. Dette slo ikkje til, dei aller fleste ville ha eit enklare nivå og valde grønt eller blått nivå.

**Gallup i vårsemesteret:** På bakgrunn av tilbakemeldingane om noko misnøye med opplegget i haustsemesteret laga vi ein «gallup» med 10 spørsmål. Vi ville kartlegge kva medlemmene meinte og ynskte både om gruppeinndeling, driftsmåte og programopplegg. Vi fekk noko ulikt tilslag frå gruppene på gallupen, men likevel slik at vi kunne trekke nokre konklusjonar. Resultatet frå gallupen vart oppsummert med ein PowerPoint-presentasjon på våravslutninga i april. Viktigaste konklusjonar frå gallupen med tanke på haustsemesteret var: 1) Fast oppsett program for kvart semester, 2) Gruppeinndeling etter program med ulikt vanskenivå, 3) Færre tema, arbeide grundig med utvalde tema, 4) Klar informasjon om tema for neste kursdag.

### **Hautsemesteret**

Vi starta haustsemesteret med informasjonsmøte i Viking. På dette møtet registrerte vi 16 nye deltakarar. Seinare kom det ein deltakar til, og i tillegg var det to «nybegynnarar» frå 2017 som ville delta i nybegynnargruppa, dvs. i alt 18 stk. I dei vidarekomne gruppene fekk vi maks antall deltakarar i kvar gruppe, 20 stk., og i tillegg 4 stk. som reservar.

Programmet for haustsemesteret la vi opp i samsvar med konklusjonane frå gallupen i vårsemesteret, med færre oppførte tema. Kvar månad la vi inn «Temadagar» med tanke på å arbeide grundig med nokre utvalde tema. Gjennom heile semesteret har vi vore nøye med å informere gjennom e-post om kva vi skal arbeide med på neste kursdag.

### **Spesialkurs i smarttelefon og nettbrett:**

På samme måte som i 2017 gjorde vi avtale med Øyrane vgs om kurs i smarttelefon og nettbrett. Kurset vart gjennomført i Concord med to kursdagar i november, til saman 45 deltakarar. Seniornett Førde betalte i år kursavgifta for deltakarane.

### **Digital festival**

Digital festival er det nye namnet på det som tidlegare var kalla Seniorsurf. Digital festival er eit gratis arrangement og vert arrangert på hausten. På landsbasis har Seniorsurf hatt lite framføring, difor blir eit nytt 'opplegg' prøvd ut. Digital festival er eit samarbeid mellom Førde Seniornett, Førde Bibliotek og Førde Frivilligsentral.

Arrangementet rekrutterer ofte fleire medlemmer til Førde Seniornett.

## **Undervisningsmaterieill**

Vi tilrår framleis seniornettavisa til innføring i og hjelp med det grunnleggande. Men på den nye nettsida frå 2017 kan alle hente mykje informasjon, m.a. frå «Tips og triks», og ikkje minst frå alle datamanualane som Seniornett Norge har utarbeidd.

I tillegg har Egil utarbeidd grundige rettleingar til emne vi har hatt på kursa. Desse kan ein finne på nettsida til Førde Seniornett under Egils reviderte. Lærebøker ut over dette har vi ikkje brukt, men nokre har på eiga hand kjøpt inn slike.

## **Programvare**

Hausten 2018 kjøpte vi 40 nye Office-lisensar gjennom TechSoup, men med bestilling gjennom Joop Cuppen i Seniornett Norge. Å bruke Joop som mellommann fall ikkje heilt heldig ut ved at det gjekk svært lang tid før dei nye lisensane var klare for nedlasting. Dette medførte at vi utover i semesteret kom mykje på etterskot for nybegynnarane i høve til semesterprogrammet. Alle nybegynnarar, som ikkje har dei nyaste Office-versjonane, har fått høve til å kjøpe og installere Office 2016 frå dei nye lisensane.

## **Møtelokale**

Lokala vi disponerer i Brunosten er bra tilfredstillande for våre behov. Det er noko dårleg akustikk, så instruktørane bør bruke mikrofon slik at også dei som sit lengst bak kan høyre godt. Det blir litt trengt i kursrommet når alle møter i dei største gruppene (20 stk). Likeins blir kaffikroken noko langstrekt når vi er fulltalege.

Til tider er det problematisk for alle å komme på nett. Vi må difor vurdere nye lokale dersom ikkje kapasiteten blir betra.

Frå 2017 krev FFO husleige for vår bruk av lokala, og har sett opp ei leigeavtale med årleg leige på 11320 kr. I år måtte vi betale rest på husleige frå 2017 på 3780 kr. I tillegg må Seniornett også betale for tilkopling til internett med 1314 kr per år, og vel 2500 kr i kopiering. Mesteparten av info/opplegg blir sendt via nettet, så desse utgiftene verkar høge.

Når alle gruppene skal samlast, leiger vi ungdomshuset Viking. Dette gjeld årsmøtet, oppstartsmøtet om hausten, vår- og haustavslutning (førjulsfest) på semestera.

## **Sosialt opplegg**

Vår felles, halv-times kaffipause i sofagruppa ute i gangen/hallen er eit høgdepunkt i kvar gruppe, og noko dei fleste set pris på. Det sosiale er kanskje det viktigaste for mange, etter dei tilbakemeldingane vi har fått. Medan vi sit i sofagruppa tar vi gjerne ein kort repetisjon på det vi har prøvt oss på inne i kursrommet (populært kalla: «Monrads overhøyring»).

Ordninga der ein av deltakarane tar med seg «noko attåt» til kaffien har vi fortsett med. Dette går på omgang, og er enkelt og praktisk. Kaffi/te kokar vi på minikjøkkenet på Brunosten.

Vi hadde som vanleg avslutning av vårsemesteret før påske, og julefest i desember. Då legg vi opp til trivelege samlingar med festpynta lokale, gode kaker, variert underhaldning og blomar til hjelparane. For desse fellessamlingane er Hildur vår uvurderlege, strukturerte og punktlege koordinator.

Helsing styret og instruktørane

Kolbjørn, Borgny, Marloes og Hildur  
Leiar, skrivar, kasserar og varamedlem

Monrad og Egil  
instruktørar

| DRIFTSREKNESKAP                         | Rekneskap 2018   |                  | Budsjett 2018 |           |
|---|------------------|------------------|---------------|-----------|
|   | Inntekter        | Utgifter         | Inntekter     | Utgifter  |
| Kursavgifter                            | 24 100,00        |                  | 25 000,00     |           |
| Programvarer                            | 3 900,00         |                  | 3 000,00      |           |
| Kaffipengar                             | 23 059,00        |                  | 24 000,00     |           |
| Tilskot                                 | 32 981,90        |                  | 19 000,00     |           |
| Finansinntekter (renter)                | 54,00            |                  | 0,00          |           |
| Godtgjersle til instruktører for utlegg |                  | 28 526,62        |               | 25 000,00 |
| Servering                               |                  | 12 153,29        |               | 12 000,00 |
| Extern Kurs                             |                  | 4 500,00         |               |           |
| Utstyr                                  |                  | 9 756,00         |               | 5 000,00  |
| Kopiering                               |                  | 2 543,48         |               | 2 000,00  |
| Drift                                   |                  | 3 834,25         |               | 3 000,00  |
| Godtgjersle til tillitsvalde            |                  | 1 200,00         |               | 1 500,00  |
| Reiseutgifter                           |                  | 2 550,00         |               | 5 000,00  |
| Lokal leie                              |                  | 18 320,00        |               | 15 000,00 |
| Andre utgifter                          |                  | 425,00           |               | 2 000,00  |
| Finanskostnader (bankgebyr)             |                  | 233,00           |               | 500,00    |
| Resultat (overskot)                     |                  | 53,26            | 0,00          |           |
| Sum                                     | <b>84 094,90</b> | <b>84 094,90</b> | 71 000,00     | 71 000,00 |

**BALANSEKONTO per 31.12.2018**

|                                 | Debet            | Kredit           |
|---------------------------------|------------------|------------------|
| <b>Eignedelar:</b>              |                  |                  |
| Bankinnskot 01.01.2018          | 79 137,89        |                  |
| Debitorar (fordringar)          | 0,00             |                  |
| Resultat 2018                   | 53,26            |                  |
| <b>Eigenkapital (og gjeld):</b> |                  |                  |
| Kreditorar                      |                  | 0,00             |
| Kapital per 31.12.2018          |                  | 79 191,15        |
| <b>Sum</b>                      | <b>79 191,15</b> | <b>79 191,15</b> |

| <b>RESULTATKONTO</b>  |           |           |
|-----------------------|-----------|-----------|
| Sum inntekter         | 84 094,90 |           |
| Sum utgifter          |           | 84 041,64 |
| Fordringar 31.12.2018 | 0,00      |           |
| Gjeld 31.12.2018      | 0,00      | 0,00      |
| Resultat (overskot)   |           | 53,26     |
| Sum                   | 84 094,90 | 84 094,90 |

Kolbjørn Bergset

 Marloes Vos  
Kasserar

## **Budsjett 2019**

| <b>BUDSJETT 2019</b>                    |                  |                  |
|---|------------------|------------------|
|   | <b>Inntekter</b> | <b>Utgifter</b>  |
| Kursavift 2018/2019                     | 25 000,00        |                  |
| Programvarer (inkl lisensar)            | 3 500,00         |                  |
| Kaffipengar                             | 20 000,00        |                  |
| Tilskot                                 | 23 000,00        |                  |
| Finansinntekter (renter)                | 50,00            |                  |
| Godtgjersle til instruktører for utlegg |                  | 25 000,00        |
| Servering                               |                  | 10 000,00        |
| Utstyr                                  |                  | 5 000,00         |
| Kopiering                               |                  | 1 500,00         |
| Drift                                   |                  | 4 000,00         |
| Godtgjersle til tillitsvalde            |                  | 1 500,00         |
| Reiseutgifter                           |                  | 10 000,00        |
| Lokal leie                              |                  | 18 000,00        |
| Andre utgifter                          |                  | 500,00           |
| Finanskostnader (bankgebyr)             |                  | 250,00           |
| Resultat dekt frå bankkonto             | <b>4 200,00</b>  |                  |
| Sum                                     | <b>75 750,00</b> | <b>75 750,00</b> |

# Revisjonsmelding



## Revisjonsrapport for Seniornett Førde 2018.

Etter beste skjønn har eg gått gjennom rekneskapen for Førde Seniornett og etter oppretting av nokre postar, finn eg at årsmøte i Førde Seniornett bør godkjenne Rekneskapen for 2018.

Jølster, den 14.01. 2019

*Magnus Hope* *Magnus Hope*

-vald revisor-

## Val 2019

### Melding frå valnemda

Referat frå møte 7. januar 2019 i valnemda for Førde Seniornett  
Tilstades: Anders Bergset (leiar), Jorunn H. Johansen (medlem) og Åse Kjærland (medlem)

Nemda kom fram til følgjande innstilling for 2019:

#### Styre:

|             |                         |                        |
|-------------|-------------------------|------------------------|
| Styreleiar  | Kolbjørn Bergset        | attval 1 år            |
| Styremedlem | Borgny England Slagstad | attval ny periode 2 år |
| Kasserer    | Marloes Vos             | ikkje på val 1 år att  |
| Varamedlem  | Hildur Hafstad Smådal   | attval 1 år            |
| Revisor     | Jon Gunnar Løland       | ny 1 år                |

#### Valnemnd:

|            |                    |                         |
|------------|--------------------|-------------------------|
| Leiar      | Bjørg Ladehaug     | ny 1 år                 |
| Medlem     | Ester Skei Klausen | ny 2 år                 |
| Medlem     | Åse Kjærland       | ikkje på val (1 år att) |
| Varamedlem | Jorunn H. Johnsen  | ny 1 år                 |

Førde, 7. januar 2017

Anders Bergset  
(sign)

Jorunn H. Johansen  
(sign)

Åse Kjærland  
(sign)